

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** 6. august 2014 10:24  
**Til:** 'sten-vvs@online.no'  
**Emne:** Gjeld søknad om utsleppsløyve/ending av utsleppsløyve på gbnr 201/4 Sætre.  
**Vedlegg:** grunnkart gbnr 201-4.pdf; Kart med kp gbnr 201-4.pdf

Til Stendal VVS AS v/ Heidi Meland

Gnr. 201/4 er ein landbrukseigedom. Området er i kommuneplanen avsett til LNF-føremål. Dersom landbrukseigedom er i drift vil tiltaket vera i samsvar med plan og ikkje krevja dispensasjon. Elles er eigedomen registrert med slamavgift i dag og har følgeleg eit eldre avlaupsanlegg. Dersom søknaden gjeld ending av eksisterande avlaupsanlegg som tidlegare er godkjend eller som vart etablert før det var krav til utsleppsløyve, vil det heller ikkje krevja dispensasjon frå plangrunnlaget.

Delar av eigedomen ligg innanfor nedslagsfeltet til offentleg drikkevasskjelde, jf vedlagte kart. Ein bør difor føra avlaupet ut av nedslagsfeltet. Søknad om utsleppsløyve som drenerer til nedslagsfeltet må grunnjevast særskild. Søknaden vil verta send på høyring til helsestyresmaktene. Dersom det vert gitt løyve vil det verta sett strenge krav til etterpolering og prøvetaking.

Partar og andre som kan bli berørt av utsleppet skal varslast, jf forurensingsforskrifta § 12-4 pkt 2. Eigedomen er stor og dersom naboar ikkje vert direkte berørt av tiltaket kan det gjevast fritak for nabovarsling.

Ta elles kontakt igjen dersom du har fleire spørsmål.

*Med venleg helsing*

*Anne Lise Molvik  
Rådgjevar  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune*

---

**Fra:** Thorleif Stendal [<mailto:sten-vvs@online.no>]  
**Sendt:** 25. juli 2014 13:14  
**Til:** Siril Sylta  
**Emne:** dispensasjon

Hei

Skal søke utslipp med Minirensseannleg på eit gardsbruk 201/4 ( Sætre )på Hjelmås må de dispensasjon søknad på dette og kven må nabo varsles ?

Mvh  
Heidi Meland



Blombakken 1, 5911 Alversund

Tlf: 56354455

Fax: 56354456

E-Post: [sten-vvs@online.no](mailto:sten-vvs@online.no)